# INNHALD

I. Kva er nasjonale museumsnettverk ... 2
1.1. Hovudansvarleg museum ... 2
1.2. Forpliktelsar i kulturlandskapsnettverket ... 2
1.3. Kven kan delta ... 2
II. Kvifor handlingsplan ... 2
2.1. Prosess ... 3
III. Definisjonar av kulturlandskapsomgrepet ... 3
IV. Målsetjing for nettverksarbeidet ... 3
4.1. Hovudmål: ... 3
4.2. Delmål: ... 3
V. Hovudarbeidsområde for Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap ... 4
5.1. Avgrensingar/kontaktpunkt til andre nettverk ... 4
VI. Tiltak 2005-2009 ... 5
6.1. Møtearena ... 5
6.2. Utveksling av praktisk kunnskap ... 6
6.3. Felles informasjonsbank ... 6
6.4. Museumspolitisk aktør ... 6
6.5. Internasjonalt arbeid ... 6
6.6. Samarbeidsprosjekt i nettverket ... 6

VEDLEGG ... 8
Deltakande institusjonar ved oppstarten av nettverket ... 8

*Framsidefoto:*
*Øvst – Kulturlandskap i Varanger. Skallnes øst forVadsø. Foto: Vadsø museum - Ruija kvenmuseum..*
*Nedst – Tradisjonell jordbruksdrift på Havråtunet, foto: Leif Hauge*

# I. Kva er nasjonale museumsnettverk

Museumsreforma er bakgrunn for opprettinga av nasjonale museumsnettverk. Det er eit overordna mål at alle musea som i framtida får statlege driftstilskot, skal inngå i eitt nasjonalt nettverk. Målet med nasjonale museumsnettverk er omtalt slik i Stortingsmelding nr. 48, *Kulturpolitikk fram mot 2014.*

"Eit nasjonalt nettverk skal leggja til rette for rasjonell arbeidsdeling og samordning, motverke konkurrerande overlapping og dermed sikra fagleg samanheng og god ressursutnytting".

ABM-utvikling vil ha ei leiande rolle, og utpeke hovudansvarlige museum for dei einskilde enkelte nettverka. Det blir ikkje lagt opp til at -hovudansvarlige museum skal ha ei leiarrolle som pålegg eller instruerar andre.

## 1.1. Hovudansvarleg museum

Dei Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum vorte utpeika som hovudansvarleg museum for kulturlandskapsnettverket. Det langvarige avtalefesta samarbeidet med fagmiljøet på Høgskulen i Sogn og Fjordane var ein viktig bakgrunn for dette. De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum samarbeidar difor med Høgskulen i Sogn og Fjordane om nettverksansvaret.

## 1.2. Forpliktelsar i kulturlandskapsnettverket

Det nasjonale nettverket for kulturlandskap ynskjer å vere eit ope nettverk basert på samarbeid og felles interesser. Nettverksarbeidet skal ha fokus på fagleg arbeid og synlege resultat. Deltakande museum bør delta aktivt ved å bidra med informasjon, legge til rette for samarbeid, setje av tid til arbeidet og delta på samlingane. Det er viktig at samarbeidsinitiativ kjem frå dei deltakande musea.

## 1.3. Kven kan delta

I fylgje museumsreforma skal konsoliderte museum vere kjernen i museumsnettverka. Reforma seier også at musea skal søke samarbeid med kompetansemiljø utanfor museumsverda. I eit nasjonalt kulturlandskapsnettverk vil det vere naturleg å invitere både faginstitusjonar og andre. Mykje kulturlandskapskompetanse finst utanfor musea. I tillegg er det er mange aktørar som treng kunnskap om kulturlandskap, både i forvaltninga og blant grunneigarar. Kulturlandskapsnettverket bør overføre kunnskap også til desse gruppene slik at frukter frå nettverksarbeidet også kjem til nytte i samfunnet elles, men desse vil ikkje delta i sjølve nettverket.

Nye deltakarar kan kome til etter kvart, og museum og institusjonar som ikkje lenger ynskjer å delta i nettverksarbeidet kan melde seg ut. Dette skjer ved skriftleg melding til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

# II. Kvifor handlingsplan

Formålet med denne handlingsplanen er å gje eit felles utgangspunkt og få sett i gong konkret arbeid i det nasjonale nettverket for kulturlandskap. Handlingsplanen vil vere eitn reiskap for samordning og koordinering av musea sitt arbeid for kulturlandskapet. Planen vil og gje

rammene for kva -det nasjonale nettverket for kulturlandskap definerar inn under nettverket sitt arbeidsområde. -Planen skal og danne grunnlag for prosjektsøknader.

### 2~~1~~.1. Prosess

Handlingsplanen er handsama av alle deltakande museum i nettverket for kulturlandskap. Handsaminga av planen har hatt til føremål å forankre nettverksarbeidet i leiinga til dei deltakande musea.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå Vadsø museum – Ruija kvenmuseum, Norsk landbruksmuseum, De Heiberske Samlinger - Sogn Folkemuseum og Høgskulen i Sogn og Fjordane har gjort arbeidet med å lage planen.

Planen vert rullert og evaluert etter 4 år dersom det er naudsynt.

## III. Definisjonar av kulturlandskapsomgrepet

Det finst mange definisjonar av omgrepet kulturlandskap. I vidaste tolking er ***kulturlandskap alt landskap som er teke i bruk av menneske***. Kulturlandskapsnettverket ynskjer å legge ei vid tolking av kulturlandskapet til grunn for arbeidet. Nettverket sine prioriteringar av arbeidsområde er omtalt i kapittel 5.

## IV. Målsetjing for nettverksarbeidet

### 4.1. Hovudmål:

Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap skal arbeide for bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling av kulturlandskap i fortid og notid. Arbeidet skal omfatte eit vidt spekter av kulturlandskap i heile landet, og skal styrka musea som kompetansesenter gjennom å gi ny kunnskap og ved å arbeide for å gi dei nye samfunnsoppgåver.

### 4.2. Delmål:

Skape ein møtearena for museum og andre institusjonar som ynskjer å arbeide med kulturlandskap.

Arbeide for å auke kompetansen om kulturlandskap på musea.

Arbeide for bevaring, dokumentasjon, forsking, skjøtsel og formidling av kulturlandskap gjennom samarbeidsprosjekt, særleg innan område som ikkje tidlegare har vore prioriterte

Etablere representative kulturlandskap på museumsgardar og friluftsmuseum.

Utvikle musea som samfunnsaktør, mellom anna gjennom næringsutvikling og kvalitetssikring av skjøtselsarbeid.
Arbeide for at musea får ein plass i kulturlandskapsforvaltinga.

# V. Hovudarbeidsområde for Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og Høgskulen i Sogn og Fjordane hadde det landbruksskapte kulturlandskapet som utgangspunkt då dei fekk oppgåva som ansvarsmuseum for det nasjonale nettverket for kulturlandskap. Det er difor naturleg at dette også er kjerneområdet i det nasjonale nettverket, men det er trong for å sjå kulturlandskapet i eit vidare perspektiv for å dekke mangfaldet i kulturlandskap som finst i det langstrakte landet vårt. Det vil vere viktig å arbeide for å dokumentere, forske på, formidle og bevare det særeigne ved ulike kulturlandskap, både historiske landskap og kulturlandskap som er eit produkt av samtida. Det vil bli lagt vekt på å styrke arbeidet innan område som ikkje tidlegare har vore prioriterte.

Innan denne vide ramma, vil fylgjande stikkord vere dekkande for dei mest prioriterte arbeidsområda:

- Auka kompetansen
- Felles formidlingsarbeid
- Etablering, skjøtsel og bevaring av kulturlandskap
- Leggje til rette for fellesprosjekt mellom deltakarmuseum.
- Arbeide for å gje musea nye samfunnsoppgåver innan kulturlandskapsforvaltninga.
- Legge til rette for møte mellom fagfolk (fagforum)

## *5.1. Avgrensingar/kontaktpunkt til andre nettverk*

Eit kulturlandskapsnettverk vil ha mange tema til felles med andre nasjonale nettverk, både museumsnettverk og andre kulturlandskapsnettverk. Det vil i slike tilfelle vere naturlig og ønskeleg å søke samarbeid med desse nettverka. Det kan til dømes vere å arrangere felles seminar, jobbe saman om prosjekter eller utveksle erfaringar og kunnskap. Det vil vere nødvendig å informere kvarandre om kva prosjekter ein jobbar med og ulike områder for erfaring. Dette kan gje verdifulle tverrfaglege synergieffektar og bidra til ein større heilskapsforståing av kulturlandskapsfeltet.

Sidan kulturlandskapsnettverket vil ha landbruket sitt kulturlandskap som et kjerneområde, vil dette særlig gjelda eit eventuelt komande nettverk for landbruk og for skognettverket.




Figur 1. Skisse av moglege  nettverk som kan ha overlappande innhald. Informasjonsflyt og arbeidsdeling vil vere viktig for å unngå dobbeltarbeid.

# VI. Tiltak 2005-2009

Tiltaka som skal gjennomførast i nettverket har ulike karakter. Nokre tiltak som høyrer inn under drifta av sjølve nettverket og kan stort sett gjennomførast utan å gå vegen om prosjektsøknader, t.d. hospiteringsordingar,  nettverksmøte og seminar, internasjonalt samarbeid. Andre tiltak er større samarbeidsprosjekt som er avhengige av tilskot for å bli realisert.

## *6.1. Møtearena*

Ei viktig oppgåve i nettverksarbeidet er å skape ein møtearena. Det bør arrangerast minimum to samlingar for deltakarane i nettverket kvart år. Kvar samling i nettverket bør koplast til ein fagleg del i form av kurs, seminar eller ekskursjon. Kulturlandskapet er variert i Noreg og ekskursjonar til ulike kulturlandskap med ulike problemstillingar, vil vere ein god måte å auke kunnskapen på.

Tema for neste kurs og ansvarleg museum for arrangementet vert bestemt på føregåande nettverksmøte.

Det vil og vere aktuelt å halde seminar og kurs for andre som arbeider med kulturlandskap i regi av kulturlandskapsnettverket,  for å formidle kunnskap om kulturlandskap ut til samfunnet.

### 6.2. Utveksling av praktisk kunnskap

Det finst mykje praktisk og teoretisk kunnskap som deltakarane i nettverket kan dele med kvarandre. Det er m.a. -viktig å opprette eigne forum og møteplassar for dei som arbeider med praktisk arbeid, til dømes museumsgardar og historiske hagar. Hospiteringsordningar kan og vere ein måte å lære av kvarandre på.

### 6.3. Felles informasjonsbank

Informasjonsutveksling vil vere viktig for arbeidet i nettverket. Kunnskap bør gjerast lettare tilgjengeleg for dei deltakande institusjonane i nettverket, og det vil vere eit omfattande arbeid å kartleggje eksisterande aktivitetar og kunnskapar som er relevant for fagområdet. Det bør blant anna lagast eigne nettsider som gjer det lettare å få tak i og utveksle informasjon, bl.a. oversiktar over handlingsboren kunnskap som er relevant for kulturlandskapsskjøtsel, kompetanse, videomateriell, dokumentasjons- og forskingsprosjekt, kurs, seminar, fagkonferansar m.m.

### 6.4. Museumspolitisk aktør

Det kan vere aktuelt for nettverket å fungere som ein samlande museumspolitisk aktør, bl.a. som høyringsorgan til nasjonale offentlege dokument (NOU, St. meld og liknande), eller som ein aktør som gir innspel og råd til korleis musea kan handtere nye samfunnsoppgåver i samband med forvaltning av kulturlandskap.

### 6.5. 4.2 -Internasjonalt arbeid

I føringane for dei nasjonale nettverka heiter det at nettverksansvarlege bør ha kontakt med nordisk og andre internasjonale nettverk. Det finst fleire nordiske og internasjonale nettverk som det kan vere aktuelt å samarbeide med for kulturlandskapsnettverket.

### 6.6. Samarbeidsprosjekt i nettverket

Det er eit viktig mål for nettverket å jobba aktivt for å generere samarbeidsprosjekt Samarbeida vil skje på ulikt nivå alt etter kven som er aktive i nettverket. Handlingsplanen er meint som ein felles plattform for samarbeidsprosjekta som oppstår i nettverksarbeidet. Nettverket skal vere ein arena der samarbeid oppstår, og skal ikkje vere eit styrande organ for kulturlandskapsaktiviteten på dei deltakande musea.

TABELL 1. Oversikt over aktuelle tiltak for å få eit funksjonelt nasjonalt nettverk for kulturlandskap

| TILTAK | TIDSROM | HOVUDANSVARLEG | FINANSIERING |
|---|---|---|---|
| Årlege nettverkssamlingar, seminar og kurs i nettverket, temareiser-ekskursjonar | 2005-2010 | De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum og Høgskulen i Sogn og Fjordane i samarbeid med aktuelle arrangørar. | I hovudsak innanfor musea sine eigne budsjett. I tillegg søknad om reisekompensasjon og støtte til ekskursjonar |
| Etablere fagforum, t.d. forum for museumsbønder, forum for historiske hagar | 2005 | De Heibergske Samlinger/SF og HSF i tillegg til andre initiativtakarar. | Innanfor musea sine eigne budsjett |
| Hospitering | 2005-2010 | Kontakt mellom aktuelle initiativtakrarar | Innanfor musea sine eigne budsjett |
| Utarbeide kunnskapsbank for nettverket | 2005 | De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum og Høgskulen i Sogn og Fjordane | Ekstern finansiering - søkjer ABMU |
| Etablere arbeidsgrupper for t.d. museumspolitisk arbeid, nettverksprosjekt. | Når tida er moden... | Nettverksmøte | Innanfor musea sine eigne budsjett |

VEDLEGG

# Deltakande institusjonar ved oppstarten av nettverket

OVERSIKT OVER DELTAKARAR PÅ SAMLINGANE I 2004, ELLER SOM HAR MELDT SI INTERESSE FOR DET NASJONALE KULTURLANDSKAPSNETTVERKET

| NAMN | institusjon | E-POST |
|---|---|---|
| Bjørg Søndrol Silberg | Valdres Folkemuseum | bjorg.silberg@valdres.museum.no |
| Margun Eik | Baroniet Rosendal | margun@baroniet.no |
| Reidar Nedrebø | Baroniet Rosendal | |
| Vegard Lie | Norsk Landbruksmuseum | norsk.landbruksmuseum@nlm.nlh.no |
| Knut G. Austad | Jærmuseet | post@jaermuseet.no |
| Trygve Brandal | Ryfylkemuseet | trygve@ryfylkemuseet.no |
| Frøydis Høyland Svisdahl | Vadsø museum – Ruija kvenmuseum | froydis.h.svisdahl@vadso.kommune.no |
| Kjetil Monstad | Stiftinga Havråtunet | havraa@online.no |
| Reidar Svegården | Maihaugen | reidar.svegarden@maihaugen.no |
| Kåre Hosar | Maihaugen | kare.hosar@maihaugen.no |
| Kristina Bjureke | De naturhistoriske museer og botanisk hage, UiO | k.e.bjureke@nhm.uio.no |
| Ingrid Berger | Nordfjord Folkemuseum | ingrid.berger@nordfjord.museum.no |
| Aslaug Nesje Bjørlo | Nordfjord Folkemuseum | aslaug.nesje.bjorlo@nordfjord.museum.no |
| Torveig Dahl | Toten økomuseum | torveig.dahl@totenmuseet.no |
| Bjørn Austigard | Romsdalsmuseet | bjorn@romsdal.museum.no |
| Vibekke Vange | Tromsø museum - universitetsmuseet | vibekkev@tmu.uit.no |
| Magne Rugsveen | Norsk skogmuseum | mr@skogmus.no. |
| Gunnhild Systad | Sunnfjord Museum | |
| Ragnhild Hoel | Riksantikvaren | rh@ra.no |
| Håkon Livland | Vestfold Fylkesmuseum | post@vfm.no |
| Kari Bjørg Vold Halvorsen | Norsk folkemuseum | kari.vold.halvorsen@norskfolkemuseum.no |
| Dag Rorgemoen | Vest-Telemark Museum | vest-telemark.museum@tokke.online.no |
| Halvor Nordal | Vest-Telemark Museum | |
| Stein Barli | Follo Museum | follmuse@online.no |
| Henriette Nilson | Museet i Nordgubrandsdalen | minglom@museumsnett.no |
| Bjørn Fjellheim | Kystmuseet i Sogn og Fjordane | bjorn.fjellheim@kyst.museum.no |
| Laila Kvellestad | Otternes Bygdetun | anka@fjordarv.no |
| Kjell Krogenes | | |
| Arna Haga | Saemien Sijte | arna.haga@saemiensijte.no |
| Solveig Jordal | Hardanger folkemuseum | solveig@hardanger.museum.no |
| Per Hvamstad | Nordøstedalsmuseet | mus-rams@online.no |
| Wenche Brun | Lofotr, The Vikingmuseum at Borg | wenche.brun@lofotr.no |
| John. A. Bryde | Rørosmuseet | john.a.bryde@rorosmuseet.no |

| | | |
|---|---|---|
| Solveig Bakken | Vitenskapsmuseet | solveig.bakken@vm.ntnu.no |
| Per Arvid Åsen | Agder naturmuseum og botaniske hage | per.asen@kristiansand.kommune.no |
| Bjørg Christophersen | Kystmuseet i Øygarden | kystmuseet.oygarden@c2i.net |
| Eli Bjørklid | Lyngheisenteret | post@lyngheisenteret.no |
| Tore Hauge | Midt Troms museum | tore.hauge@midt-troms.museum.no |
| Else Espeland | Bogstad Gård | else.espeland@bogstad.no |
| Stein Sunde | Norsk folkemuseum – Bygdøy Kongsgård | |
| Jo Arnstedsrud | Norsk folkemuseum – Bygdøy Kongsgård | |
| Erik Sørum | Norsk folkemuseum - Bygdøy Kongsgård | |
| Bjørn Anders Fredriksen | Norsk folkemuseum/NLH | |
| Jan Tore Sørsdal | Norsk folkemuseum - Bygdøy Kongsgård | |
| Karen V.Lykke Syse | University of Oslo<br>Senter for utvikling og miljø | k.v.syse@sum.uio.no |
| Leif Hauge | Høgskulen i Sogn og Fjordane | leif.hauge@hisf.no |
| Ingvild Austad | Høgskulen i Sogn og Fjordane | ingvild.austad@hisf.no |
| Elisabeth Dahle | De Heiberske Samlinger-Sogn Folkemuseum | elisabeth@dhs.museum.no |
| Liv Byrkjeland | De Heiberske Samlinger-Sogn Folkemuseum | liv.byrkjeland@dhs.museum.no |
| Aage Engesæter | De Heiberske Samlinger-Sogn Folkemuseum | aagee@dhs.museum.no |
| Morten Skadsem | ABM - uttvikling | morten.skadsem@abm-utvikling.no |